

**Trafikken over Stord lufthamn viser ein god tendens. I april kunne flyplassleiinga gle seg over ein trafikkvekst på over hundre prosent samanlikna med same periode i fjor.**

I april vart det registrert 2.747 reisande over Stord lufthamn. Det er ein auke på 1.477 reisande, eller over 100 prosent i høve til same månad i fjor.

– Samanliknar vi med mars månad, utgjer auken i passasjerveksten i april 566 passasjerar eller 26 prosent, fortel lufthamnsjef Jan Morten Myklebust.

Fram til utgangen av april har det så langt i år reist 8.767 passasjerar over Sunnhordland sin einaste flyplass.

Samanlikna med same periode i fjor utgjer dette ein passasjervekst på 2.282 eller vel 35 prosent. [[11]]  
SEP\*SEP

Ved utgangen av april var det registrert 1.817 flyrørsler ved lufthamna, ein auke på 36 flyrørsler i høve til same periode i fjor. [[11]]  
SEP\*SEP

Årsaka til den positive trafikkutviklinga er at Kværner Stord no har godt med arbeid på verftet sitt, skriv Myklebust i pressemeldinga.

**Av Kristian Hus**  
*HusnesNett*